

## Tildelingskriterium for halltid ved Moa svømmehall

- Tildeling gjeld halltid avsett til idrettslag tilslutta Norges idrettsforbund, der utøvarane har lisens/barneidrettsforsikring.
- Det vil bli lagt som føresetnad at 25-m-bassenget og stupebassenget ved Moa svømmehall i hovudsak skal brukast til trening.
- Behov for halltid skal skje ved søknad på digitale søknadsskjema. Behov vil bli rekna ut etter antal aktive kopla til nivå.
- Idrettslaga vil stå fritt til å fordele total tildelt halltid på ulike treningsgrupper.
- Dersom det ikkje er råd å innfri alle behov framsett i søknad, vil det skje ei prosentvis avkorting.
- Halltid som står ubenyttta tre gonger utan meldt grunngeving til tildelar, vil bli trekt inn og stilt til disposisjon for andre.
- Ålesund kommune v/idrettsadministrasjonen får mynde til tildeling av tid etter kriteria.
- Forslag på tildelte treningstider sendes til høring av Ålesund kommune.
- Søknadsfrist 31. mars.

### Tildeling trening:

25 m-basseng (primærbasseng for svømmetrening): Seks baner

Svømmeklubbar		
Gruppe	Tal utøvarar pr bane	Tal økter
K1	5	7 (à 2 t)
K2	6	6 (à 1,5 t)
K3	7	4 (à 1,5 t)
K4	8	3 (à 1 t)
Rekrutt (Hai/delfin)	10	3 (à 1 t)
Para	5	2 (à 1 t)
Master	5	3 (à 1 t)

Dykkerklubbar		
Gruppe	Tal utøvarar pr bane	Tal økter
Rekrutt	6 (12 i 2 samanhengande baner)	3 (à 1 t)
Rugby u-15	8	*
Rugby u-18	8	*
Rugby u-23	7	*
Rugby Elite	6	*

Synkron		
Gruppe	Tal utøvarar pr bane	Tal økter
Viderekomne nivå, lengdeøving (10 – 16 år)	8	1 (à 1 t)

\* For nokre grupper i undervassrugbyen vil satsing og med det behov for treningsøkter variere. Det vil bli opna for å kunne søke om ulike antal økter frå år til år i søknadsskjemaet. Tildeling etter skjønn.

- Nystarta klubbar vil få inntil seks banetimar pr veke, men skal fordelast på ulike dagar/tidspunkt.

#### Stupebasseng (primærbasseng for rugby, stup og synkron): Ei bane

Gruppe	Tal utøvarar i basseng	Tal økter
Rugby u-15	24	3 (à 2 t)
Rugby u-18	24	3 (à 2 t)
Rugby u-23	24	3 (à 2 t)
Rugby Elite	24	3 (à 2 t)
Stup nivå 1 og 2	8	1
Stup nivå 3 og 4	8	2
Synkron rekrutt 6 – 10 år	15	1
Synkron vidarekomne nivå (10 – 16 år)	10	2
Svømmetrening	25	3

#### Varmebasseng

Trening i varmebasseng prioritert. Tildeling etter behov i søknad.

#### **Tildeling arrangement:**

- Det vil bli sett av inntil fire heile helgar totalt i svømmehallen til større stemne/arrangement. Booking av slike arrangement skal i hovudsak skje i samband med tildeling i hovudrunden.
- Inntil to ettermiddagar/kveldar pr idrettslag etter publikumsbadinga i helgane skal kunne brukast til mindre arrangement. Booking skal i hovudsak skje i samband med tildeling i hovudrunden og styrast til helgar som i minst mogleg grad rammar ordinær aktivitet.
- Inntil 2 ettermiddagar/kveldar etter publikumsbadinga i helgane kan settast av til sikkerheitsøving for seilklubb og roklubb. Booking skal i hovudsak skje i samband med tildeling i hovudrunden og styrast til helgar som i minst mogleg grad rammar ordinær aktivitet.

#### **Tildeling kurs:**

- Idretten kan søke om kurs ettermiddag/kveld laurdag og søndag kl 1600-1900.
- For å halde kurs ved Moa svømmehall skal det dokumenterast kurserfaring frå skulebasseng.

#### **Forventningar:**

Kommunen og idrettsrådet ønskjer å basere desse kriteria på tillit til idrettslaga si registrering av antal aktive i dei ulike grupper/nivå, og forventar at idrettslaga sine søknader gjenspeiler rett antal/reelt behov.

Vedtatt i Ålesund idrettsråd sitt årsmøte 10.05.2023